




BREMANGER KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I BREMANGER KOMMUNE					
Møtestad:	Kommunestyresalen	Møtedato:	09.12.2011	Frå kl. :	09:00
				Til kl. :	12:20
Faste medlemmer i Kontrollutvalet :		Møtte:	Forfall:	Merknader :	
1. Harry Gulestøl, Skulevegen 9, 6723 Svelgen(Leiar)		X			
3. Leni Lisæter, 6729 Kalvåg		X		Sak 030 - 035/11.	
3. Leo Cirotzki, Lia 13, 6723 Svelgen. (Nestleiar)		X			
4. Inger Rise Hallset, Rise, 6723 Svelgen		X			
5. Rune Nordbotten, 6723 Svelgen.		X			
Personlege varamedlemmer :		Møtte:			
1. Anne Sofie Hauge Igland, 6727 Bremanger					
2. Joar årøen, Krokvegen 30, 6723 Svelgen					
1. Gjert Kåre Solheim, 6723 Svelgen					
2. Per Gulestøl, 6729 Kalvåg					
1. Sigrid Solheim, Kjelkenes, 6723 Svelgen					
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:					
Ordfører Karl Vidar Førde og rådmann Tom Joensen får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møter.					
Andre som møtte :					
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. KRYSS-revisjon v/Terje Førde og Trine Vokuhl.					
Saker som vart handsama / drøfta i møtet :					
SAKLISTA I MØTET :					
030/11	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.				
031/11	Skriv og meldingar.				
032/11	Innkjøpsrutinar.				
033/11	Betalingsrutinar for varer og tenester.				
034/11	Orientering overordna analyse.				
035/11	Forvaltningsrevisjon - Val av prosjekt.				
036/11	Reglement for kontrollutvalet.				
037/11	Oppfølgingsliste 5-2011 - merknader - Bremanger.				
UNDERSKRIFTER :					
		Leo Cirotzki (nestleiar) (S)		Leni Lisæter (S)	
Harry Gulestøl (leiar)					
Inger Rise Hallset					
Inger Rise Hallset		Asgeir Tveit (sekretær)		Rune Nordbotten	

030/11 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.11.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.12.2011	030/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

031/11 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 01.12.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.12.2011	031/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 31-11 Brev frå KRYSS-revisjon til Bremanger kommune om attendebetaling avrekna revisjonshonorar 2010, datert 24.11.2011.

SM 32-11 Økonomirapport 2. tertial 2011 – Bremanger kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

032/11 INNKJØPSRUTINAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 01.12.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.12.2011	032/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Dokument ikkje vedlagt:

Lov om offentlig innkjøp

Forskrift til lov om offentlig innkjøp

Evt. avtalar om offentlig innkjøp for Bremanger kommune

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om innkjøpsregelverket, innkjøpsavtalar og innkjøpsrutinane i kommunen.

Saksutgreiing

INNKJØPSRUTINAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det er kome forslag frå kontrollutvalsleiar om å vurdere å sjå nærare på innkjøpsrutinane til Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i § 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

Det er kome inn forslag om å vurdere å sjå nærare på innkjøpsrutinane i Bremanger kommune.

Ei vurdering av innkjøpsrutinane bør frå kontrollutvalet sin ståstad vere å kontrollere at desse er i samsvar med lover på området; Lov om offentlege anskaffelser og forskriftene til denne lova. Vidare evt. å kontrollere at kommunen følgjer dei retningslinjer som går fram av evt. innkjøpsavtalar som kommunen har inngått og at evt. innkjøpsavtalar er i samsvar med lover og reglar.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet vurderer det slik at det er tre alternativ for ein evt. kontroll inn mot innkjøpsrutinane til Bremanger kommune.

1. Kalle inn rådmannen og få ei orientering om innkjøpsrutinane til kommunen.
2. Tinge ei undersøking hjå KRYSS-revisjon der dei får i oppdrag å kontrollere at innkjøpsrutinane er i samsvar med lover, reglar og avtalar.
3. Tinge eit forvaltningsrevisjonsprosjekt hjå KRYSS-revisjon der dei får i oppdrag å kontrollere at innkjøpsrutinane er i samsvar med lover, reglar og avtalar.

Lov og om offentlege innkjøp og forskriftene til desse er å finne på heimesida til Sekom-sekretariat www.sekom.no under menypunktet Lover og forskrifter.

033/11 BETALINGSRUTINAR FOR VARER OG TENESTER

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 01.12.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.12.2011	033/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Dokument ikkje vedlagt:

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om betalingsrutinane for innkomne fakturaer.

Saksutgreiing

BETALINGSRUTINAR FOR VARER OG TENESTER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det er kome forslag frå kontrollutvalsleiar om å vurdere å sjå nærare på betalingsrutinane for varer og tenester til Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i § 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

Det er kome inn forslag om å vurdere å sjå nærare på betalingsrutinane til Bremanger kommune.

Ei vurdering av betalingsrutinane bør frå kontrollutvalet sin ståstad vere å kontrollere at desse er i samsvar med kommunen sine retningsliner på området, og at betaling skjer i samsvar med avtalar med leverandør og i samsvar med betalingsfristar.

Det er sannsynleg at revisor har rutinar for kontroll innan dette området i samband med finansiell revisjon, og revisor er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet vurderer det slik at det er tre alternativ for ein evt. kontroll inn mot betalingsrutinane til Bremanger kommune.

1. Kalle inn rådmannen og få ei orientering om betalingsrutinane til kommunen.
2. Tinge ei undersøking hjå KRYSS-revisjon der dei får i oppdrag å kontrollere at innkjøpsrutinane er i samsvar med lover, reglar og avtalar.

Eit tredje alternativ kan vere å tinge ein forvaltningsrevisjon på området. Sekretariatet ser det likevel som lite tenleg då det bør vere ein rimeleg enkel kontroll å få avklart om betalingar skjer i samsvar med rettmessige rutinar, evt. avtalar med leverandør og betalingsfristar på fakturaer.

034/11 ORIENTERING OM OVERORDNA ANALYSE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 01.12.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.12.2011	034/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 029/11 Eventuelt.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek orienteringa frå revisor om overordna analyse til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet tek orienteringa frå revisor om overordna analyse til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING OM OVERORDNA ANALYSE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Revisor orienterer om overordna analyse.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 023/11 Eventuelt vedtok kontrollutvalet å kalle revisor inn til førstkomande møte for å få nærare informasjon om overordna analyse. Revisor var til stades på møtet.

Overordna analyse er heimla i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kapittel 5:

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Overordna analyse skal gjennomførast for å gje grunnlag for å lage ein plan for forvaltningsrevisjon der ein får lagt inn gode og nyttige forvaltningsrevisjonsprosjekt for kommunen. Overordna analyse som skal gje grunnlag for å lage plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 – 2015 vart tinga av KRYSS-revisjon gjennom vedtak i kontrollutvalssak 026/11 14.11.2011.

Revisor orienterer.

035/11: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - VAL AV PROSJEKT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 01.12.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.12.2011	035/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

Dokument vedlagt saka:

- Dokumentet Overordna analyse Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2008 - 2011 Bremanger kommune.
- Plan for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune 2008 – 2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet.....
- SEKOM-sekretariat får i oppgåve å utforme tinging av prosjektet til neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Saka vert utsett til neste møte.

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet har ansvar for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon årleg. Kontrollutvalet bør setje i gong eit nytt prosjekt.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet fekk presentert overordna analyse av KRYSS-revisjon i møte 28.03 2008 i sak 011/08 Overordna analyse plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. Kontrollutvalet gjorde tilråding til kommunestyret om Plan for forvaltningsrevisjon 27.12.08 i sak 037/08 Plan for forvaltningsrevisjon – Bremanger kommune. 16.12.2008 gjorde kommunestyret i Bremanger i sak 095/08 Plan for forvaltningskontroll i Bremanger kommune vedtak i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. I planen er det gjort følgjande prioritering:

1. Sjølvkostberekningar VAR-sektoren, tekniske avgifter, SFO med meir.
2. Rett handsaming av di sak – Får brukarane dei tenestene dei har krav på.
3. KOSTRA til hjelp i planlegging og styring.
4. Oppfølging av politiske vedtak.

Bremanger kommune har fått levert følgjande forvaltningsrevisjonsrapportar i førre valperiode:

- Sjølvkostberekningar VAR-sektoren, datert 03.10.2011.

Det står såleis igjen tre prosjekt i planen for 2008 – 2011 som ikkje er gjennomførde.

Det var i si tid gjort vedtak om å avslutte eit tinga prosjekt som følge av Terrasaka .

Kontrollutvalet si oppgåve vert no å setje i gong arbeid med nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt med utgangspunkt i Plan for forvaltningsrevisjon.

Dokumenta ”Overordna analyse Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2008 - 2011 Bremanger kommune” og ”Plan for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune 2008 – 2011” følgjer vedlagt. Overordna analyse er grunnlaget for å lage Plan for forvaltningsrevisjon, og i Planen for forvaltningsrevisjon finn ein, som nemnt, dei prioriteringar for forvaltningsrevisjonsprosjekt som kommunestyret har vedteke for perioden 2008 – 2011.

I planen for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 har kommunestyret likevel gjeve kontrollutvalet høve til å endre prioritering av prosjekt og evt. velje andre prosjekt enn dei som står i planen.

Etter val av prosjekt vil SEKOM-sekretariat forme ei tinging som vert handsama i neste kontrollutvalsmøte.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekom-sekretariat har elles registrert at prosjekt inn mot innkjøpsordninga, i dei kommunar det har vore gjennomført, har vist at området har forbettringspotensiale. Prosjektet er også nyleg blitt valt av to andre kontrollutval i kommunar i Sunnfjord, og vil sannsynlegvis også

bli valt av eit kontrollutval i ein tredje kommune i nær framtid. Eit val av prosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen, vil såleis kunne vere effektivt med omsyn til revisor sitt arbeid.

Sekom-sekretariat meiner elles at innkjøpsfunksjonen er eit vesentleg område i Bremanger kommune, men vi har ikkje inngåande kjennskap til risikovurderingane på området.

Kontrollutvalet har elles teke opp spørsmål om å sjå nærare på innkjøpsfunksjonen i kommunen, jfr kontrollutvalsak 032/11 Innkjøpsrutinar.

036/11 REGLEMENT KONTROLLUTVALET BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 01.12.2011

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	09.12.2011	036/11	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Utkast til reglement for kontrollutvalet i Bremanger kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.
- Rapport 85-tilrådingar om eigenkontroll i kommunane utgjeve av KRD.
- Høyringsnotat om endringar i kommunelova, KRD.
- Kontrollutvalsak 029/11 Eventuelt.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Bremanger kommune.
- Kommunestyret endrar varamedlemsordninga, slik at denne er slik at varamedlemene vert nummerert frå 1. til 5. varamedlem.
- Kommunestyret tek opp eiga sak om endring av varamedlemsordning, slik at kontrollutvalet er valt i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kapittel 2.

Kontrollutvalet endrar 2. avsnitt i § 1 slik at denne vert lydane: "Kontrollutvalet skal føre tilsyn med at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lover, forskrifter og reglement, samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet."

Kontrollutvalet endrar §7 slik at denne lyder såleis "Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning som er tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet."

Endra utkast vert sendt kommunestyret for handsaming.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Bremanger kommune med dei endringar som ligg føre..
- Kommunestyret endrar varamedlemsordninga, slik at denne er slik at varamedlemene vert nummerert frå 1. til 5. varamedlem.
- Kommunestyret tek opp eiga sak om endring av varamedlemsordning, slik at kontrollutvalet er valt i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kapittel 2.

Saksutgreiing

036/11 REGLEMENT KONTROLLUTVALET BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Bremanger kommune

Innleiing – Kva saka gjeld

Innføring av reglement for kontrollutvalet i Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet gjorde i kontrollutvalsmøte 14.11.2011 under sak 029/11 Eventuelt vedtak om at det i neste møte skulle takast opp sak om reglement for kontrollutvalet. Det vart bl.a. kommentert at ein ynskjer ei anna valordning i kontrollutvalet enn den som er nytta i samband med valet av kontrollutval i kommunestyresak 046/11.

Det vart også kommentert at ein i reglementet må få inn korleis ein skal handtere dokument som ikkje er offentlege.

I og med at kontrollutvalet skal vere uavhengig av dei andre utvala, og at kontrollutvalet har eige sekretariat, er det sekretariatet for kontrollutvalet som bør utarbeide utkast til reglement som så vert lagt fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjev tilråding om reglementet til kommunestyret.

Reglementet for kontrollutvalet er basert på kommunelova, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Vidare er det teke utgangspunkt i rutinane som har vore gjeldane vedrørande system for møteinnkalling, gjennomføring av møte og handtering av møteprotokollar.

Kommunal- og Regionaldepartementet gav i desember 2009 ut rapport med 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane. Etter dette er det utarbeidd utkast til endring i kommunelova. Høyring vedrørande dette er gjennomført.

I utkastet til reglement er det, i tillegg til det som kom fram i kontrollutvalsmøtet 14.11.2011, teke høgde for at dei tilrådingane som er gjevne om kontrollutvalet i rapport om 85 tilrådingar til eigenkontroll i kommunen og endringane som går fram av høyringsutkastet til endring av kommunelova vert gjennomførde. Dei mest sentrale punkta, som er tekne med i reglementet, i høve til dette er følgjande:

- Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet saman med formannskap og ordførar.
- Leiarar og styremedlemer i kommunalt åtte selskap bør ikkje kunne sitje i kontrollutvala.
- Kontrollutvalsmøta bør som hovudregel vere opne.

I høve til valordning av varamedlemer, som kontrollutvalet tok opp i førre møte, har vi henta følgjande om valordning av kontrollutvalsmedlemer frå kontrollutvalsboka:

Val av varamedlemmer

Mange kommunestyre praktiserer ei ordning med personlege eller gruppevise varamedlemmer til kontrollutvalet. Det vil seie at kvar representant har eit personleg varamedlem frå den partigruppa representanten tilhøyrrer. Dersom den personlege varamedlemmen ikkje kan stille når eit kontrollutvalsmedlem melder forfall, kan ein ikkje hente inn vara frå dei andre partia. På grunn av at det kan variere kva varamedlemmer som blir kalla inn frå gong til gong (avhengig av kva representant som melder forfall), kan det gå lang tid mellom kvar gong eit varamedlem deltek i kontrollutvalet. Det kan difor vere vanskeleg for varamedlemmene å halde seg orienterte om sakene og medverke aktivt i utvalet. Dersom kontrollutvalet har gruppevise varamedlemmer, er det viktig at kvar partigruppe har fleire varamedlemmer. Kommunestyret kan velje eit tal varamedlemmer for kvar partigruppe som tilsvarer talet medlemmer partigruppa skal ha i utvalet, med eit tillegg av to personar.¹⁹ Det vil seie at dersom det er tre medlemmer i kontrollutvalet frå tre ulike parti, kan kvart av kontrollutvalsmedlemmene ha tre varamedlemmer. Eit alternativ til ordninga med personlege varamedlemmer er å bruke ei felles varaliste. Då vil kontrollutvalet ha ei liste med nummererte varamedlemmer, slik at det alltid er vararepresentanten øvst på lista som blir kontakta først. Dette vil møte trongen for kontinuitet og erfaringsbygging. Utfordringa er at same politiske gruppe vil bli representert ved kvart forfall, noko som kan endre den politiske samansetjinga i utvalet. Samtidig er det viktig er det viktig å streke under at medlemmerne ikkje skal drive partipolitikk i kontrollutvalet.

Kommunelova §38a kan regulere val av varamedlemer til kontrollutvalet, dersom kommunestyret har valt å følgje denne §-en, som lyder såleis

§ 38a. Avtalevalg.

1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.
2. Valget gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.
3. Kravene til kjønnsbalanse i § 36 nr. 2 gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidater fra det underrepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg til arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.
4. Ved valg av varamedlemmer gjelder nr. 3 tilsvarende.

Kontrollutvalet kan her særskilt merke seg bruken av *kan* i setninga i pkt 2:

" I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to"

Det er sendt førespurnad frå Sekom-sekretariat til Fylkesmannen vedrørande valordning for varamedlemer. Det er ikkje kome svar på vår førespurnad.

I høve til utsending av ikkje offentlege dokument er det ikkje lovare som regulerer dette i den retning at det ikkje kan sendast ut pr. e-post. Vi har munnleg diskutert praktisering i Førde kommune. I Førde kommune blir ikkje offentlege dokument ikkje distribuert pr. e-post. Her regulerer "Innsyn" dette, slik at ein slik praksis, ved bruk av dette verktøyet, ikkje er mogeleg.

Det er sannsynleg at same praksis gjeld alle kommunane med same "Innsyn"-løysing som Førde. I alt 11 kommunar.

Vi har også teke kontakt med Bremanger kommune om korleis dei praktiserer utsending av ikkje offentlege dokument. I Bremanger kommune vert ikkje offentlege dokument utelukkande sendt ut pr. post. Bremanger kommune opplyser samstundes at det vil bli endring på dette i samband med innføring av politisk plattform.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at det vil vere føremålstenleg å lage eit reglement for kontrollutvalet som i størst mogeleg grad samsvarar med dei endringar i kommunelova som høgst sannsynleg vil kome.

Sekretariatet vurderer det slik at det kan vere greitt å følgje Bremanger kommune sine rutinar i høve til utsending av ikkje offentlege dokument.

Sekretariatet vurderer det slik at det bør vere mogeleg for kommunestyret å velje ei ordning med nummererte varamedlemer for kontrollutvalet, også i det tilfellet at kommunestyret har valt å følgje § 38a i kommunelova.

Det er kommunestyret som vel kontrollutval og varamedlemer til kontrollutvalet. Kontrollutvalet bør be kommunestyret om å endre system for varamedlemer, og velje nytt kontrollutval med endra varamedlemsordning.

Reglement for kontrollutvalet i Bremanger kommune

Lov av 25. september 1902 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lover, forskrifter og reglement, samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha fem medlemer. Det skal veljast fem varamedlemer i nummerert rekkjefølgje. Den øvste på lista vil alltid bli kontakta først ved forfall til kontrollutvalsmøte. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar.

Ved val av medlemer og varamedlemer skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggast vekt på å få medlemer og varamedlemer med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemmane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjerse på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jfr. kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følge kommunelova sørge for at følgende oppgaver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje fråsegn til årsrekneskapa for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggast fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultatane av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørge for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskningar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskningar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følge budsjettsaka til kommunestyret.

Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemer. Innkallinga vert i tillegg lagt ut på heimesida til kommunen. Ikkje offentlege dokument skal sendast pr. post.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggast til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemmane, varamedlemmane, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse , telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemmar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som Bremanger kommune eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggst til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning som er tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet

Vedteke av Bremanger kommunestyre 14.12.2011.

037/11 OPPFØLGINGSLISTE 5-2011 og MERKNADER - BREMANGER

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 01.12.2011

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	09.12.2011	037/11	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 5-2011 Bremanger.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslista 5-2011 Bremanger vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingslista 5-2011 Bremanger vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2011 BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 01.12 2011

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 5-2011 - Bremanger.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvals-arbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
02/10 Forvaltningsrevisjons-prosjekt "Sjølvkostberekningar VAR-sektoren" - tingsingsdokument	18.03.10	Frist 31.03.2011.	10.03.10 s utkast til KRYSS 18.03.10: Vedtak KU – godkjent. 18.03.10: Tinging sendt KRYSS. 21.05.10 Førebels revisjonsplan – teken til vitande i KU. 14.09.11 Førespurnad til Kryss om status. 14.09.11 Motteke status frå Kryss. 03.10.11: Rapport levert. Sjå sak 026/11.
24/11 Skriv og meldingar	14.11.11		14.11.11: Vedtak KU – Teke til vitande.
25/11 Forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	14.11.11		14.11.11: Tilråding til kst. 14.11.11 s/kst.
26/11 Overordna analyse	14.11.11		14.11.11 Vedtak KU -- Tinge hjå KRYSS
27/11 Opplæring	14.11.11		14.11.11 Vedtak KU – Delta på seminar Skei. Be om å bli invitert på Bremanger kommune si folkevaldopplæring. 14.11.11 s påmelding til revisor for faste medlemmer.
28/11 Oppfølgingsliste 4-2011 – Bremanger	14.11.11		14.11.11: Vedtak KU – Teke til vitande.
29/11 Eventuelt	14.11.11		<ul style="list-style-type: none"> - 14.11.11 Vedtak KU - Godkjenning av møteinnkalling og sakliste skal ha eige saksnummer. - Eventuelt skal fjernast frå saklista. - Kontrollutvalet tek opp sak om reglement for kontrollutvalet i neste møte, bl.a. kan det vere aktuelt å endre på den varamedlemsordninga som kommunestyret har valt. Det skal også innehalde rutinar for utsending av ikkje offentlege dokument. - KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å orientere om Overordna analyse 2007 – 2011. - Det vert sett opp eit nytt møte i kontrollutvalet 9. desember 2011.
30/11 Godkjenning av innkalling og sakliste.	09.12.11		
031/11 Skriv og meldingar	09.12.11		

032/11 Innkjøpsrutinar.	09.12.11		
033/11 Betalingsrutinar for varer og tenester.	09.12.11		
034/11 Orientering overordna analyse.	09.12.11		
035/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	09.12.11		
036/11 Reglement for kontrollutvalet.	09.12.11		
037/11 Oppfølgingsliste 5-2011 –merknader - Bremanger.	09.12.11		

Oppdatert 01.12.11.